

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Aud karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

For beredskap knytt til hendingar på brusamband rundt Bergen (Nordhordalandsbrua, Sotrabraua, Askøybrua, Osterøybrua) legg fylkesutvalet til grunn at dei fire øyene til sambandet skal ha minst eit permanent ferje- eller skysstilbod med god kapasitet som er i drift eller der god infrastruktur er lett å ta i bruk."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.